




KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Berekeningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2012-2013)

Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2013

Grønt hefte



ISSN 0806-5748

Innhald	Side
Om Grønt hefte	1
Om inntektssystemet	3
Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar	6
Kap. 571 Rammetilskot til kommunar	13
Tabellar for fylkeskommunane	
Tabell 1-fk Rammetilskot til fylkeskommunane 2013	33
Tabell 2-fk Innbyggjartilskot til fylkeskommunane (kap 572, post 60)	35
Tabell 3-fk Anslag på frie inntekter i 2013. Fylkeskommunane	37
Tabell A-fk Utgiftsutjamning. Fylkeskommunane	40
Tabell B-fk Inntektsgarantiordning. Fylkeskommunane	43
Tabell C-fk Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane	48
Tabell D-fk Indeks for berekna utgiftsbehov. Fylkeskommunane	52
Tabell E-fk Kriteriedata. Fylkeskommunane	56
Tabellar for kommunane	
Tabell 1-k Rammetilskot til kommunane 2013	63
Tabell 2-k Innbyggjartilskot til kommunane (kap 571, post 60)	86
Tabell 3-k Anslag på frie inntekter i 2013. Kommunane	97
Tabell A-k Utgiftsutjamning. Kommunane	109
Tabell B-k Inntektsgarantiordning. Kommunane	131
Tabell C-k Saker med særskild fordeling. Kommunane	169
Tabell D-k Distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskot	180
Tabell E-k Indeks for berekna utgiftsbehov. Kommunane	202
Tabell F-k Kriteriedata. Kommunane	245

Om Grønt hefte

I statsbudsjettet for 2013 Prop. 1 S (2012– 2013) for Kommunal- og regionaldepartementet blir det gjort greie for løyvingar over kap. 571 *Rammetilskot til kommunar* og kap. 572 *Rammetilskot til fylkeskommunar* fordelte mellom dei ulike postane. Grønt hefte er eit berekningsteknisk vedlegg til statsbudsjettet, og gjer greie for fordelinga av løyvingane på dei ulike postane mellom kommunane og mellom fylkeskommunane i 2013.

Målgruppa for Grønt hefte er i første rekkje administrasjon og politikarar i kommunar og fylkeskommunar.

Grønt hefte startar med ei omtale av kva inntektssystemet er, og går deretter meir detaljert inn på korleis dei ulike postane under kap. 571 er fordelt mellom kommunane, og korleis ein fordeler dei ulike postane under kap. 572 mellom fylkeskommunane.

Hovuddelen av Grønt hefte er tabelldelen, som er delt inn i to delar; ein del for kommunane og ein del for fylkeskommunane. Tabellane for kommunane er merkte med -k, og tabellane for fylkeskommunane er merkte med -fk:

Tabell 1-k og tabell 1-fk gir ei oversikt over samla rammetilskot, mens tabell 2-k og tabell 2-fk viser innbyggjartilskotet (post 60). Tabell 3-k og tabell 3-fk viser anslag på frie inntekter i 2013 og oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå 2012 til 2013. Dei andre tabellane inneheld ein grundigare presentasjon av bakgrunnsdata og berekningar. Tabell A-k og tabell A-fk viser grunnlagsberekning for innbyggjartilskotet, medan tabell B-k og tabell B-fk viser berekning av inntektsgarantiordninga. Tabell C-k og tabell C-fk viser saker med særskild fordeling. Tabell D-k viser grunnlaget for berekning av distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskotet (post 61 og 66). Indeksane for berekna utgiftsbehov for kommunane er viste i tabell E-k, mens tilsvarende tal for fylkeskommunane er viste i tabell D-fk. Tabellane F-k for kommunane og E-fk for fylkeskommunane viser kriteriedata.

Grønt hefte er ein rein teknisk dokumentasjon. På grunn av avrunding av desimalane kan det enkelte stader finnast små avvik ved summering. Det er justert for dette i tabellane 1-fk og 1-k.

Oversikt over tabellar for fylkeskommunane:


- Tabell 1-fk Rammetilskot til fylkeskommunane
- Tabell 2-fk Innbyggjartilskot til fylkeskommunane
- Tabell 3-fk Anslag på frie inntekter i 2013. Fylkeskommunane
- Tabell A-fk Utgiftsutjamning. Fylkeskommunane
- Tabell B-fk Inntektsgarantiordninga. Fylkeskommunane
- Tabell C-fk Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane
- Tabell D-fk Indeks for berekna utgiftsbehov. Fylkeskommunane
- Tabell E-fk Kriteriedata. Fylkeskommunane


Oversikt over tabellar for kommunane:

- Tabell 1-k Rammetilskot til kommunane
- Tabell 2-k Innbyggjartilskot til kommunane
- Tabell 3-k Anslag på frie inntekter i 2013. Kommunane
- Tabell A-k Utgiftsutjamning. Kommunane
- Tabell B-k Inntektsgarantiordninga. Kommunane
- Tabell C-k Saker med særskild fordeling. Kommunane
- Tabell D-k Distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskot
- Tabell E-k Indeks for berekna utgiftsbehov. Kommunane
- Tabell F-k Kriteriedata. Kommunane

Det er no òg laga ei forenkla versjon av Grønt hefte på Internett, der ein kan følgje utrekninga av rammetilskotet for kvar kommune. Dette finn ein på Kommunal- og regionaldepartementets Internettsider, www.regjeringen.no/krd.

Saksbehandlarar:	Sigurd Steinsund Pedersen	tlf. 22 24 72 07
	Karen Nystad Byrhagen	tlf. 22 24 72 54
	Melissa Edvardsen	tlf. 22 24 72 16
	Sissel Ferstad	tlf. 22 24 67 06
	Hilde Marie Skarvang	tlf. 22 24 62 41


Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør


Grete Lilleschulstad
underdirektør

Om inntektssystemet

Frie inntekter består av rammetilskot og skatteinntekter. I 2013 blir kommunesektorens frie inntekter anslått til om lag 304 mrd. kroner. Dei frie inntektene består av rammetilskot (47 pst.) og skatteinntekter (53 pst.), og utgjør saman med momskompensasjonen om lag 80 pst. av dei samla inntektene i kommunesektoren. Det er inntekter som kommunane og fylkeskommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk. I 2013 blir det lagt opp til ein reell vekst i frie inntekter på 1,7 pst. rekna frå anslått inntektsnivå i 2012 i revidert nasjonalbudsjett 2012. Rekna frå anslag på rekneskap for 2012, er den reelle veksten i frie inntekter i 2013 anslått til 0,8 pst. Prisstigninga er anslått til 3,3 pst. Tabell 3-k og 3-fk syner den nominelle veksten i 2013 for kommunar og fylkeskommunar rekna frå anslag på rekneskap for 2012.

Nivået på dei frie inntektene blir bestemt ut ifrå pris- og lønsvekst, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, satsingar over rammetilskotet og korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar. Når nivået på samla frie inntekter for 2013 er fastsett, kjem ein fram til størrelsen på samla rammetilskot ved å trekkje anslaget for skatteinntekter frå nivået på samla frie inntekter.

Det overordna føremålet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane og fylkeskommunane sine føresetnader for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunanes og fylkeskommunanes kostnader (utgiftsutjamning) og skilnader i skatteinntektene (skatteutjamning). Omfordelinga som følgje av utgifts- og skatteutjamning blir utført i *innbyggjartilskotet (post 60)*. Utgiftsutjamninga er grunngjeve med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gir strukturelle kostnadsskilnader som kommunane og fylkeskommunane i liten grad kan påverke. For at kommunesektoren skal kunne gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må ein ta omsyn til slike strukturelle kostnadsskilnader når dei økonomiske rammene for den enkelte kommune og fylkeskommune blir fastsett. Eksempel på slike kostnadsskilnader er ulik aldersfordeling eller reiseavstand innanfor kommunen. For å oppnå ei rimelig utjamning av dei økonomiske føresetnadene blir òg inntektene utjamna. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattyttarar og naturressursskatt frå kraftføretak.

Inntektssystemet inneheld òg tilskot som utelukkande er grunngjeve ut frå regionalpolitiske målsetjingar. Regionalpolitiske tilskot til kommunane er *Nord-Noreg- og Namdalstilskot (post 62)*, *småkommunetilskot (post 63)*, *distriktstilskot Sør-Noreg (post 61)* og *storbytilskot (post 67)*. Kommunar med særleg høg befolkningsvekst får eit eige *veksttilskot (post 66)*.

Fylkeskommunane Nordland, Troms og Finnmark får *Nord-Noreg-tilskot (post 62)*.

I tillegg blir det gitt *skjønntilskot* for å kompensere kommunar og fylkeskommunar for spesielle, lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet (respektive post kap. 571, post 64 og kap 572, post 64).

Endringar i inntektssystemet i 2013

Frå og med 2013 vært det gjort ei teknisk justering i delkostnadsnøkkelen for barnehage, på grunn av endringa i kontantstøtteordninga frå august 2012. Dagens delkostnadsnøkkel består av kriteria tal på barn 3–5 år, tal på innbyggjarar med høgare utdanning og tal på barn 1–2 år utan kontantstøtte. Når 2-åringene ikkje lenger mottok kontantstøtte frå august 2012 vil dette påverke kontantstøttekriteriet, og kriteriet blir endra til tal på barn 1 år utan kontantstøtte. Kriteriet tal på barn blir endra frå tal på barn 3–5 år til tal på barn 2–5 år, slik at 2-åringene fanges opp i dette kriteriet. Det blir samstundas gjort ei teknisk justering av vektninga av kriteria. Endringa blir gjort ved å justere vektninga av kontantstøttekriteriet og alderskriteriet, ut frå delen barn i de ulike aldersgruppene. Kontantstøttekriteriet får lågare vektning mens alderskriteriet får en høgare vektning.

Kostnadsnøkkelen for kommunane er satt saman av åtte ulike delkostnadsnøklar. Vektninga mellom dei ulike sektornøkklane er bestemt ut frå sektorens del av kommunanes netto driftsutgifter (eksklusive avskrivningar) i 2008, korrigert for endringar etter 2008. I 2013 vært det gjort fleire korreksjonar i sektordelane. Sektorvektene til sosialhjelp, barnehage, grunnskole og helse er korrigert for endringar i rammetilskotet knytt til disse sektorane.

Vektninga av sosialhjelpssektoren er korrigert for at middel til kvalifiseringsprogrammet skal fordelast etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp og for at hovuddelen av det øyremerkta tilskotet til kommunalt rusarbeid blir innlemma i rammetilskotet til kommunane og blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp frå og med 2013. For grunnskole er sektorvekta justert på grunn av opptrappinga av ordninga med valfag på ungdomstrinnet og kulturskoletilbod i SFO.

Sektorvekta for barnehage er korrigert for nominell vidareføring av makspris, økt likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar, antatt auking i etterspørselen etter barnehage på grunn av endringa i kontantstøtteordninga og innlemming av driftstilskot til barnehage. For helse er sektorvekta justert på grunn av at midla til fysioterapi som tidligare har vært gitt ei særskilte fordeling i inntektssystemet skal fordelas etter delkostnadsnøkkelen for helse i 2013.

Korrigeringar i samla rammetilskot 2013

I det samla rammetilskotet for 2013 blir det, som tidlegare år, gjort ei rekkje korrigeringar på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivå, regelendringar, nye oppgåver, innlemming av øyremerkte tilskot o.a.

Tabellen nedanfor viser endringar i samla rammetilskot til kommunane og til fylkeskommunane som følgje av innlemmingar og korreksjonar. For ei nærare gjennomgang, sjå Prop. 1 S (2012– 2013) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Innlemmingar og korreksjonar i rammetilskotet i 2013 (i 1000 2013-kroner):

	Kap. 571 Rammetilskot til kommunar	Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar
Innlemmingar		
Kommunalt rusarbeid	333 000	0
Driftstilskot barnehage	10 330	0
Korreksjonar		
Nominell vidareføring av foreldrebetaling i barnehagar i 2012, heilårsverknad av etterspørselseffekt	62 600	0
Nominell vidareføring av foreldrebetaling i barnehagar i 2013	273 060	0
Omlegging av kontantstøtteordninga, heilårsverknad 2012	308 817	0
Opptopping av tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar, heilårsverknad 2012	41 320	0
Opptopping av tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar, 2013-verknad	58 000	0
Innføring av valfag på 8. trinn – heilårseffekt av endring i 2012	92 669	0
Innføring av valfag på 9. trinn – endring i 2013	66 145	0
Innføring av kulturskuletilbod i skule/SFO	72 055	0
Verjemålsreforma	-38 500	0
Uttrekk av frigjorte midlar ved utbygging av tilbod om augeblikkleg hjelp	-83 000	0
Auke av skjønnsramma i RNB 2012 i samband med naturskade	-149 785	0
Omdisponering av midlar frå kap. 571, post 64 til kap. 571, post 21	-5 000	0
Nye plassar i statlege og private skular	-23 286	-20 539
Ny forskrift om skuleskyss	0	20 000
Lovendringar, vern mot menneskehandel	0	1 550
Sum innlemmingar og korreksjonar	1 018 425	1 010

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

Rammetilskotet til fylkeskommunane kjem fram som summen av innbyggjartilskotet (post 60), Nord-Noreg-tilskotet (post 62) og skjønntilskotet (post 64). I 2013 er samla rammetilskot til fylkeskommunane om lag 28,4 mrd. kroner.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar 2013 - inndeling på postar:

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar		Forslag 2013 (1 000 kr)
Post 60	Innbyggjartilskot	27 316 533
Post 62	Nord-Noreg-tilskot	577 270
Post 64	Skjønntilskot	509 000
Sum kap. 572		28 402 803

Kap. 572, post 60 Innbyggjartilskot

Størrelsen på innbyggjartilskotet blir fastsett ved at summen av dei andre tilskota i inntektssystemet (post 62 Nord-Noreg-tilskot og post 64 Skjønntilskot) blir trekt ut frå samla rammetilskot. I 2013 blir det føreslått fordelt om lag 27,3 mrd. kroner gjennom innbyggjartilskotet til fylkeskommunane.

Ein del av innbyggjartilskotet blir gitt ei særskild fordeling, og blir presentert i tabell C-fk. Innbyggjartilskotet blir, etter at sakene med særskild fordeling er trekte ut, fordelt som eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. Det er talet på innbyggjarar per 1. juli 2012 som er lagt til grunn.

Deretter blir innbyggjartilskotet omfordelt etter:

- utgiftsutjamninga, basert på kostnadsnøklane for fylkeskommunane (tabellane A-fk og D-fk)
- korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular (tabell A-fk)
- inntektsgarantiordninga (tabell B-fk)
- skatteutjamninga (blir ikkje vist i Grønt hefte)

Saker med særskild fordeling

Innanfor innbyggjartilskotet finst det midlar som ikkje blir fordelte etter dei andre kriteri i inntektssystemet, men som er gitt ei særskild fordeling. Det gjeld mellom anna midlar til oppgåver som få fylkeskommunar har, og midlar der ei oppdatering av kostnadsnøkkelen er naudsynt for å gi midla ei god fordeling. Tabellen nedanfor viser saker som har ei særskild fordeling i 2013.

Saker med særskild fordeling 2013:

Sak	Departement	Beløp (1000 kr)
<i>Forvaltingsreforma samferdselsområdet:</i>		
Drift og vedlikehold	SD	2 787 186
Investeringar	SD	1 787 981
Styrking frie inntekter	SD	1 096 436
Nye fylkesvegferjer	SD	1 469 882
Kompensasjon NOx-avgift nye fylkesvegferjer	SD	27 926
<i>Andre saker med særskild fordeling:</i>		
Kompensasjon NOx-avgift eksisterande fylkesvegferjer	SD	25 329
Ferjesambandet Svolvær-Skutvik	SD	17 579
Skule- og studentrabatt	SD	122 801
Fagskuler	KD	384 491
Tilskot til barnevern Oslo	BLD	483 960
SUM		8 203 571

Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom fylkeskommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal fylkeskommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadene som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i fylkeskommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar fylkeskommune berekna, og deretter blir innbyggjartilskotet fordelt mellom fylkeskommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre fylkeskommunar blir delt ut att til andre fylkeskommunar.

Kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane består av tre delkostnadsnøklar: for vidaregåande opplæring, samferdsel og tannhelsetenesta. Tabellen under viser samla kostnadsnøkkel for fylkeskommunane. Det er ingen endringar i kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane frå 2012 til 2013.

Kriteriedata er nærare omtalt i tabell E-fk.

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane 2013:

Kriterium	Kriterievekter
Innbyggjarar 0– 15 år	0,064
Innbyggjarar 16– 18 år	0,526
Innbyggjarar 19– 34 år	0,027
Innbyggjarar 35– 66 år	0,035
Innbyggjarar 67– 74 år	0,008
Innbyggjarar 75 år og over	0,009
Rutenett til sjøs	0,032
Innbyggjarar busett spreidd	0,022
Areal	0,007
Storbyfaktor	0,016
Befolkning på øyar	0,009
Vedlikehaldskostnader veg	0,064
Reinvesteringskostnader veg	0,032
Søkjarar yrkesfag	0,149
Sum	1,000

Samla utgiftsbehov for alle fylkeskommunane

I utrekninga av størrelsen på utgiftsbehovet for fylkeskommunane er det tatt utgangspunkt i KOSTRA-tal for netto driftsutgifter for 2011 (der avskrivningar er trekte frå), til dei tenestene som inngår i kostnadsnøkkelen til fylkeskommunane. For budsjettåret 2013 er tenestene vidaregåande opplæring, lokale ruter, fylkesvegar og tannhelse inkludert. For å komme fram til utgiftsbehovet for 2013 er summen av netto driftsutgifter for dei nemnte sektorane for alle fylkeskommunar i 2011 framskrivne med veksten i dei frie inntektene i perioden 2011– 2013. (Veksten er ikkje oppgåvekorrigert.) Utgiftsbehovet for fylkeskommunane er i 2013 berekna til om lag 42 mrd. kroner, dvs. eit gjennomsnitt på 8 388 kroner per innbyggjar.

Utgiftsbehovet blir endra når nye sektorar eller tilskot blir inkludert i utgiftsutjamninga, t.d. når øyremarka tilskot blir innlemma i inntektssystemet, når oppgåver blir overført mellom forvaltningsnivå, eller når særskilte fordelingar går over til å bli fordelt etter kostnadsnøkkelen.

Indeks for berekna utgiftsbehov for kvar fylkeskommune

Kostnadsnøklane blir brukte saman med kriteriedata til å lage indeksar for berekna utgiftsbehov for kvar fylkeskommune. Det er desse indeksane departementet tek utgangspunkt i når utgiftsutjamninga for kvar fylkeskommune skal reknast ut. Indeksane for alle fylkeskommunane kjem fram i tabell D-fk.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Fylkeskommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er større enn landsgjennomsnittet, mens fylkeskommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre

enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein fylkeskommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein pst. lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein fylkeskommune med ein indeks på 1,07 har eit berekna utgiftsbehov som er sju pst. høgare enn landsgjennomsnittet.

Følgjande likning viser korleis ein bereknar indeks for fylkeskommunens del av kriterium:

$$(1) \text{ Indeks}_{\text{fk}} = \frac{\text{Fylkeskommunens del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunens del av innbyggjarane}}$$

Indeks for en fylkeskommunes del av 16– 18-åringar blir såleis rekna ut ved:

$$(2) \text{ Indeks}_{\text{fk}} = \frac{\frac{\text{Talet på 16– 18-åringar i fylkeskommune X}}{\text{Talet på 16– 18-åringar i landet}}}{\frac{\text{Innbyggjarane i fylkeskommune X}}{\text{Innbyggjarane i landet}}}$$

Indeksen kan òg tolkast som tilhøvet mellom delen av innbyggjarane i fylkeskommune X som er 16– 18 år, og delen av innbyggjarane som er 16– 18 år i landet. Ei omskriving av uttrykket (2) gir (2'):

$$(2') \text{ Indeks}_{\text{fk}} = \frac{\frac{\text{Talet på 16– 18-åringar i fylkeskommune X}}{\text{Innbyggjarar i fylkeskommune X}}}{\frac{\text{Talet på 16– 18-åringar i landet}}{\text{Innbyggjarar i landet}}}$$

Omfordeling mellom fylkeskommunane

Utgiftsutjamninga skjer ved eit fråtrekk i innbyggjartilskotet for dei fylkeskommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir lett drivne), og ved eit tillegg i innbyggjartilskotet for dei fylkeskommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir tung drivne). Størrelsen på fråtrekket eller tillegget er differansen mellom berekna utgiftsbehov per innbyggjar i fylkeskommunen og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar på landsbasis, summert for alle innbyggjarane i fylkeskommunen.

Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Private skular blir finansierte gjennom statlege tilskot og eigenbetaling frå elevane, mens fylkeskommunale skular blir finansierte gjennom fylkeskommunanes frie inntekter. Når ein elev i eit fylke vel ein privat skule i staden for ein fylkeskommunal skule, vil fylkeskommunens utgifter knytt til denne eleven bli vesentleg reduserte. Kvart år blir samla rammetilskot til

fylkeskommunane korrigerert for endringa i talet på elevar i private og statlege skular på landsbasis ("trekkordninga"). Gjennom trekkordninga blir total inntektsramme til fylkeskommunane justert med 80 pst. av gjennomsnittskostnadene for kvar nye elev i privat eller statleg vidaregåande opplæring (sjå tabellen over korreksjonar i rammetilskotet).

I tillegg til trekkordninga blir det føretatt ei omfordeling mellom fylkeskommunane ("korreksjonsordninga"), der det skjer ei omfordeling av innbyggjartilskot mellom fylkeskommunane ut ifrå talet på elevar i statlege og private skular i den enkelte fylkeskommune. I korreksjonsordninga får fylkeskommunane eit uttrekk i innbyggjartilskotet for talet på elevar i statlege og private skular i deira fylkeskommune. Elevtalet som blir nytta i utrekninga av uttrekket i 2013 er gjennomsnitt av tal frå 1. oktober 2011 og 1. april 2012. Det er skilt mellom fire kategoriar av undervisning:

- elevar som får vanleg undervisning
- elevar ved gartnar- og landbruksskular
- elevar som går på vidaregåande spesialskular
- elevar med opphald/som er innlosjerte ved skulen.

Samla trekk blir tilbakeført til alle fylkeskommunane etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen (sjå tabell A-flk).

Tabellen under viser trekktsatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2013. Trekktsatsane ligg under gjennomsnittkostnaden per elev på landsbasis, fordi ein antek at marginalinnsparinga knytt til ein elev er lågare enn gjennomsnittskostnaden.

Trekktsatsar for elevar i statlege og private skular 2013:

Kategori	Kroner per elev
Vanleg undervisning	89 000
Gartnar- og landbruksskular	109 000
Spesialskular	251 800
Opphald	266 000

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordning er å gi fylkeskommunane ei meir heilskapleg skjerming mot bråe svikt i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Gjennom inntektsgarantiordninga blir negativt avvik i vekst avgrensa i høve til landsgjennomsnittet.

Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i det totale rammetilskotet på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar, og er utforma slik at ingen fylkeskommunar skal ha ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 100 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis (før finansiering av sjølve inntektsgarantiordninga). Inntektsgarantiordninga blir rekna ut på grunnlag av innbyggjartalet

per 1. juli 2012. Ordninga blir finansiert ved et likt trekk per innbyggjar i alle fylkeskommunane. Endringar som blir omfatta av inntektsgarantiordninga er systemendringar, innlemming av øyremerkte tilskot, endring i regionalpolitiske tilskot, endring i folketalet og samansetning, samt endringar i kriteriedata.

Endringar i skatteinntektene eller skatteutjamninga, skjønntilskot og saker med særskild fordeling blir ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga.

Inntektsgarantiordninga for 2013 blir rekna ut med utgangspunkt i rammetilskotet til fylkeskommunane i revidert nasjonalbudsjett 2012. Rammetilskotet blir korrigert for skjønntilskot i 2012, saker med særskild fordeling i 2012 (saker i tabell C-fk), og inngåande/utgåande fordeling av tilskot som blir innlemma i/trekt ut av inntektssystemet i 2013. Rammetilskotet til fylkeskommunane i 2012 blir på tilsvarande måte korrigert for skjønntilskot i 2013 og saker med særskild fordeling i 2013. Deretter blir den korrigerede veksten frå 2012 til 2013 rekna, på landsbasis og for kvar fylkeskommune. Korrigert vekst på landsbasis var frå 2012 til 2013 84 kroner per innbyggjar. Dersom ein fylkeskommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn -16 kroner per innbyggjar, får fylkeskommunen eit tillegg gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarande differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på -16 kroner per innbyggjar. INGAR blir finansiert gjennom eit likt trekk per innbyggjar for alle fylkeskommunar. Trekket er 14 kroner per innbyggjar i 2013.

For ein nærare gjennomgang av INGAR, sjå tabell B-fk.

Skatteutjamning

Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnader i skatteinntekter mellom fylkeskommunane. Skatteutjamninga for fylkeskommunane omfattar inntektsskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak.

Skatteutjamninga fører til at alle fylkeskommunar med ein skatteinngang på under 120 pst. av landsgjennomsnittet blir kompenserte for 90 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og 120 pst. av landsgjennomsnittet. Skatteutjamninga blir finansiert ved at kvar fylkeskommune blir trekt for eit likt beløp per innbyggjar.

Skatteutjamninga for kvar fylkeskommune blir berekna fortløpande ti gonger i året, etter kvart som skatteinngangen ligg føre, og trekk eller tilskot gjennom skatteutjamninga blir lagt til eller trekt frå ved utbetaling av rammetilskot for fylkeskommunen.

Endeleg fordeling på post 60 Innbyggjartilskot er ikkje klar før i februar 2014, når endelege skattetal for 2013 ligg føre. Oversikt over løypande skatteutjamning finn ein på Kommunal- og regionaldepartementets Internettsider, www.regjeringen.no/krd.

Kap. 572, post 62 Nord-Noreg-tilskot

Nord-Noreg-tilskotet er eit særskild regionalpolitisk verkemiddel. Tilskotet skal bidra til å gi fylkeskommunar i Nord-Noreg moglegheiter til å gi eit betre tenestetilbod enn fylkeskommunar elles i landet. Tilskotet skal òg bidra til å gjere det mogleg med ei høg

fylkeskommunal sysselsetjing i område med eit konjunkturavhengig næringsliv. I 2013 blir det føreslått fordelt om lag 577,3 mill. kroner i Nord-Noreg-tilskot til fylkeskommunane.

Nord-Noreg-tilskotet blir gitt som eit beløp per innbyggjar, og det er ulik sats for kvar fylkeskommune. Til grunn for utrekninga av Nord-Noreg-tilskotet ligg folketalet per 1. januar året før budsjettåret, dvs. 1. januar 2012. Satsane for Nord-Noreg-tilskotet for 2013 er prisjusterte.

Nord-Noreg-tilskot til fylkeskommunar - satsar 2013:

Fylkeskommunar	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 082
Troms	1 231
Finnmark	1 682

Kap. 572, post 64 Skjønnsstilskot

Skjønnsstilskotet blir brukt til å kompensere fylkeskommunar for spesielle lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Skjønnsstilskotet til fylkeskommunane i 2013 er foreslått satt til 509 mill. kroner til fylkeskommunane.

Skjønnsmidlane til fylkeskommunane er direkte fordelte frå departementet, og er vist i tabell 1-fk. Innanfor skjønnsramma til fylkeskommunane føreslår departementet å halde tilbake 100 mill. kroner til ekstraordinære hendingar i løpet av budsjettåret.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

Rammetilskotet til kommunane kjem fram som summen av innbyggjartilskotet (post 60), distriktstilskot Sør-Noreg (post 61), Nord-Noreg- og Namdalstilskotet (post 62), småkommunetilskotet (post 63), skjønnstilskotet (post 64), veksttilskotet (post 66) og storbytilskotet (post 67). I 2013 er samla rammetilskot til kommunane i overkant av 115 mrd. kroner.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar 2013 - inndeling på postar:

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar *)	Forslag 2013 (1000 kr)
Post 60 Innbyggjartilskot	109 678 586
Post 61 Distriktstilskot Sør-Noreg	373 080
Post 62 Nord-Noreg- og Namdalstilskot	1 446 422
Post 63 Småkommunetilskot	929 742
Post 64 Skjønnstilskot	2 175 000
Post 66 Veksttilskot	60 233
Post 67 Storbytilskot	401 506
Sum kap. 571	115 064 569

**) Post 21 Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet er ikkje rekna med*

Kap.571, post 60 Innbyggjartilskot

Størrelsen på innbyggjartilskotet blir fastsett ved at summen av dei andre tilskota under kap. 571 (post 61 – 67) blir trekt ut frå samla rammetilskot. For 2013 blir det føreslått fordelt om lag 109,7 mrd. kroner gjennom innbyggjartilskotet til kommunane.

Ein mindre del av innbyggjartilskotet blir fordelt etter særskilde fordelingar, presentert i tabell C-k (medrekna inndelingstilskotet). Innbyggjartilskotet blir, etter at tabell C-sakene er trekte frå, fordelt som eit likt beløp per innbyggjar til alle kommunane. Det er talet på innbyggjarar per 1. juli 2012 som er lagt til grunn.

Deretter blir innbyggjartilskotet omfordelt etter:

- utgiftsutjamninga, basert på kostnadsnøklane for kommunane (tabell A-k og E-k)
- korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular (tabell A-k)
- inntektsgarantordninga (tab B-k)
- skatteutjamninga (blir ikkje vist i Grønt hefte)

Saker med særskild fordeling, medrekna inndelingstilskot

Innanfor innbyggjartilskotet finst det midlar som ikkje blir fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, men som er gitt ei særskild fordeling. Det gjeld til dømes midlar til oppgåver som få kommunar har, inndelingstilskot o.a.

Saker med særskild fordeling 2013:

Sak	Departement	Beløp (1000 kr)
Inndelingstilskot	KRD	93 593
Trekk Ullensaker og Nannestad for finansieringsbistand Gardermoen	KRD	-19 350
Kompensasjon samhandling	KRD	315 065
Sum		389 308

Inndelingstilskotet

Inndelingstilskotet er ei kompensasjonsordning for kommunar som sluttar seg saman. Ordninga skal sikre at kommunar ikkje får reduserte rammeoverføringar som følge av kommunesamanslutningar. Inndelingstilskot kompensere for bortfall av basistilskot og ein eventuell nedgang i regionalpolitiske tilskot. To kommunar som har slått seg saman vil få eit basistilskot på same måte som andre kommunar i utgiftsutjamninga, mot to basistilskot før samanslåinga. Den samanslåtte kommunen vil difor kompensere gjennom inndelingstilskotet for bortfall av eit basistilskot. Dersom ein samanslått kommune mottok mindre regionalpolitisk tilskot enn kommunane ville fått kvar for seg, kompensere kommunen gjennom inndelingstilskotet for differansen mellom det den samanslåtte kommunen får, og det dei ville fått kvar for seg. Dersom heile eller delar av kommunen får auka arbeidsgjevaravgift som følge av ei kommunesamanslåing vil kommunen kompensere for gjennom inndelingstilskotet for dei berekna meirkostnadane dette medfører for kommunen.

Inndelingstilskotet blir reelt froze på det nivået det har det året kommunane sluttar seg saman, og varar i 15 år. Etter det blir tilskotet trappa ned gradvis.

I 2013 får kommunane Re, Bodø, Vindafjord, Aure, Kristiansund, Inderøy og Harstad inndelingstilskot (tabell C-k).

Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadene som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

Tabellen under viser samla kostnadsnøkkel for kommunane i 2013, og kva for vekt kvart kriterium har.

Kriteria er nærare omtalte under tabell F-k.

Kostnadsnøkkel for kommunane 2013:

Kriterium	Kriterievekter
Innbyggjarar 0–1 år	0,0054
Innbyggjarar 2–5 år	0,1245
Innbyggjarar 6–15 år	0,2836
Innbyggjarar 16–22år	0,0205
Innbyggjarar 23–66 år	0,0926
Innbyggjarar 0–17 år	0,0021
Innbyggjarar 18–49 år	0,0055
Innbyggjarar 50–66 år	0,0068
Innbyggjarar 67–79 år	0,0496
Innbyggjarar 80–89 år	0,0706
Innbyggjarar 90 år og over	0,0453
Landbrukskriteriet	0,0029
Sonekriteriet	0,0128
Nabokriteriet	0,0128
Basiskriteriet	0,0224
Innvandrarar 6–15 år, ekskl. Skandinavia	0,0082
Norskfødde med innvandrarforeldre 6–15 år, ekskl. Skandinavia	0,0009
Dødelegheitskriteriet	0,0438
Barn 0–15 år med einlig forsørgjar	0,0110
Låginntektskriteriet	0,0059
Uføre 18–49 år	0,0045
Flyktningar utan integreringstilskot	0,0046
Opphopningsindeks	0,0135
Urbanitetskriteriet	0,0172
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,0439

Ikkje-gifte 67 år og over	0,0416
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0291
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0184
Sum	1,0000

Samla utgiftsbehov for alle kommunane

I utrekninga av størrelsen på det samla utgiftsbehovet for kommunane er det tatt utgangspunkt i KOSTRA-tal for netto driftsutgifter for 2011 (der avskrivningar er trekte frå), til dei tenestene som inngår i kostnadsnøkkelen til kommunane. For budsjettåret 2013 gjelder det tenestene barnehage, grunnskule, kommunehelsetenesta, sosialtenesta, barnevern, pleie- og omsorgstenesta og administrasjon. For å komme fram til utgiftsbehovet for 2013 er summen av netto driftsutgifter for alle kommunar i 2011 framskrivne med veksten i dei frie inntektene i perioden 2011-2013. (Veksten er ikkje oppgåvekorrigert.) Utgiftsbehovet for kommunane er i 2013 berekna til 288 mrd. kroner, dvs. eit gjennomsnitt på 45 452 kroner per innbyggjar.

Utgiftsbehovet blir endra når nye sektorar eller tilskot blir inkludert i utgiftsutjamninga, t.d. når øyremerka tilskot blir innlemma i inntektssystemet, når oppgåver blir overført mellom forvaltningsnivå, eller når særskilte fordelingar går over til å bli fordelt etter kostnadsnøkkelen.

Indeks for berekna utgiftsbehov for kvar kommune

Kostnadsnøklane blir brukte saman med kriteriedata til å lage indeksar for berekna utgiftsbehov for kvar kommune. Det er desse indeksane departementet tek utgangspunkt i når utgiftsutjamninga for kvar kommune skal reknast ut. Indeksane for alle kommunane kjem fram i tabell E-k.

I indeksens for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein pst. lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er sju pst. høgare enn landsgjennomsnittet.

Følgjande likning viser korleis ein bereknar indeks for kommunens del av kriterium :

$$(1) \text{ Indeks}_{fk} = \frac{\text{Kommunens del av kriterium}}{\text{Kommunens del av innbyggjarane}}$$

Indeks for ein kommunes del av 6-15-åringar blir såleis rekna ut ved:

$$(2) \text{ Indeks}_{fk} = \frac{\frac{\text{Talet på 6-15-åringar i kommune X}}{\text{Talet på 6-15-åringar i landet}}}{\frac{\text{Innbyggjarane i kommune X}}{\text{Innbyggjarane i landet}}}$$

Indeksen kan òg tolkast som tilhøvet mellom delen av innbyggjarane i kommune X som er 6-15 år, og delen av innbyggjarane som er 6-15 år i landet. Ei omskriving av uttrykket (2) gir (2'):

$$(2') \text{ Indeks}_{fk} = \frac{\frac{\text{Talet på 6-15-åringar i kommune X}}{\text{Innbyggjarane i kommune X}}}{\frac{\text{Talet på 6-15-åringar i landet}}{\text{Innbyggjarane i landet}}}$$

Omfordeling mellom kommunane

Utgiftsutjamninga skjer ved eit fråtrekk i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir lett drivne), eller ved eit tillegg i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir tung drivne). Størrelsen på fråtrekket eller tillegget er differansen mellom berekna utgiftsbehov per innbyggjar i kommunen og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar på landsbasis, summert for alle innbyggjarane i kommunen.

Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Kommunane har ansvaret for å gi innbyggjarar i alderen 6– 15 år grunnskuleundervisning, men dei finansierer ikkje undervisninga til elevar som går i private og statlege grunnskular. Kvart år blir samla rammetilskot til kommunane korrigert for endringa i talet på elevar i private og statlege skular på landsbasis ("trekkordninga"). Total inntektsramme til kommunane blir justert med 80 pst. av gjennomsnittskostnadene per ny elev i privat eller statleg grunnskule. Gjennom trekkordninga får kommunane samla redusert rammetilskotet ved ei auke i talet på elevar i statlege og private skular på landsbasis.

I tillegg blir det føretatt ei omfordeling gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet ("korreksjonsordninga"), der det skjer ei omfordeling mellom kommunane ut ifrå talet på elevar i statlege og private skular. I korreksjonsordninga får kommunane eit uttrekk i rammetilskotet for dei elevar dei har i statlege og private skular. I uttrekket er det nytta tal for elevar per 1. oktober 2011, og det er skilt mellom tre kategoriar:

- elevar som får vanleg undervisning
- elevar i spesialskular
- elevar med opphald/som er innlosjerte ved skulen.

Etter at trekka er gjort, blir samla trekk tilbakeført til alle kommunar etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen (sjå tabell A-k).

Tabellen under viser trekkssatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2013. Trekkssatsane ligg under gjennomsnittskostnaden per elev på landsbasis, fordi ein antek at marginalinnsparinga knytt til ein elev mindre oftast er lågare enn gjennomsnittskostnaden.

Trekkssatsar for elevar i statlege og private skular 2013:

Kategori	Kroner per elev
Vanleg undervisning	75 000
Spesialskular	251 800
Opphald	266 000

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet inntektsgarantiordninga å gi kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå svikt i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Gjennom inntektsgarantiordninga avgrensar ein negativt avvik i vekst i høve til landsgjennomsnittet.

Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar, og er utforma slik at ingen kommunar skal ha ein vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner under berekna vekst på landsbasis i kroner per innbyggjar (før finansieringa av sjølve inntektsgarantiordninga). Inntektsgarantiordninga blir utrekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2012. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar i alle kommunane. Endringar som blir omfatta av inntektsgarantiordninga er systemendringar, innlemming av øyremerkte tilskot, endring i regionalpolitiske tilskot, endringar i folketalet og samansetning, samt endringar i kriteriedata. Endring i skjønnstilskot, saker med særskild fordeling og veksttilskot inngår ikkje i ordninga. Endringar i skatteinntektene eller skatteutjamninga blir heller ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga.

Inntektsgarantiordninga for 2013 blir utrekna med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane i revidert nasjonalbudsjett 2012. Rammetilskotet blir korrigert for skjønnstilskot i 2012, saker med særskild fordeling i 2012 (saker i tabell C-k), og inngående/utgåande fordeling

av tilskot som blir innlemma i/trekt ut av inntektssystemet i 2013. Rammetilskotet til kommunane i 2013 blir tilsvarende korrigert for skjønntilskot i 2013, saker med særskild fordeling i 2013 og veksttilskotet i 2013. Deretter blir korrigert vekst frå 2012 til 2013 utrekna, på landsbasis og for kvar kommune. Frå 2012 til 2013 var korrigert vekst var på landsbasis 635 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn 335 kroner per innbyggjar, får kommunen eit tillegg gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarende differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på 335 kroner per innbyggjar. INGAR blir finansiert gjennom eit likt trekk per innbyggjar for alle kommunar. Trekket er 62 kroner per innbyggjar i 2013.

Skatteutjamning


Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnader i skatteinntekter mellom kommunane.

Skatteutjamninga for kommunane omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak.

Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet (kommune B) blir kompenserte for 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet (kommune A) blir trekte for 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skatteinntekter under 90 pst. Av landssnittet (kommune C) blir i tillegg, kompenserte for 35 pst. av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 pst. av landssnittet. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at kvar kommune blir trekt med eit likt beløp per innbyggjar.

Figur 1: Skatteutjamninga for kommunane



Skatteutjamninga for kvar kommune blir berekna fortløpande ti gonger i året, etter kvart som skatteinngangen ligg føre og trekk eller tillegg i skatteutjamninga blir avrekna mot kommunens utbetaling av rammetilskot. Endeleg fordeling av rammetilskotet til kommunane vil ikkje vere klar før i februar 2013, når endelege skattetal for 2013 ligg føre. Oversikt over skatteutjamninga er vist på Kommunal- og regionaldepartementets Internettssider, www.regjeringen.no/krd.

Kap. 571, post 61 Distriktstilskot Sør-Noreg

Distriktstilskot Sør-Noreg blir tildelt kommunar i Sør-Noreg som oppfyller desse kriteria:

- ligg i sone IV eller sone III i det distriktspolitiske verkeområdet
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet
- Ikkje mottek Nord-Noreg- og Namdalstilskot eller småkommunetilskot.

Alle kommunar i sone IV kan få støtte, medan kommunar innanfor sone III får tilskot dersom samfunnsmessig utvikling er svak. Samfunnsmessig utvikling blir målt ved ein distriktsindeks, som gir eit uttrykk for utviklinga i tilgjengelegheit, demografi, arbeidsmarknad og inntekter. Kommunar i sone III som har ein indeks lågare enn 35 får fullt tilskot, medan kommunar i sone III med indeks mellom 35 og 46 får redusert tilskot. Kommunar med indeks over 46 får ikkje tilskot.

For ei nærare omtale av det distriktspolitiske verkeområdet, sjå kommuneproposisjonen 2009 (St.prp. nr. 57 (2007– 2008)).

Distriktstilskot Sør-Noreg blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Satsane for 2013 er prisjusterte. Tilskotet blir utrekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2012. I 2013 blir det føreslått fordelt i overkant av 373,1 mill. kroner gjennom distriktstilskot Sør-Noreg.

Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2013:

Sone og indeks	Per kommune (1000 kr)	Per innbyggjar (kroner)
Sone 4	3619	850
Sone 3, indeks 0– 35	2715	636
Sone 3, indeks 36– 38	2172	510
Sone 3, indeks 39– 41	1631	382
Sone 3, indeks 42– 44	1087	256
Sone 3, indeks 45– 46	544	128

Distriktstilskot Sør-Noreg blir vist i tabell 1-k, og grunnlaget for utrekninga er nærare dokumentert i tabell D-k.

Kap. 571, post 62 Nord-Noreg- og Namdalstilskot

Nord-Noreg- og Namdalstilskotet er eit særskild regionalpolitisk verkemiddel. Tilskotet skal bidra til å gi kommunar i Nord-Noreg og Namdalen moglegheiter til å gi eit betre tenestetilbod enn kommunar elles i landet. Tilskotet skal òg bidra til å gjere det mogleg med ei høg kommunal sysselsetjing i område med eit konjunkturavhengig næringsliv. I 2013 blir det føreslått fordelt om lag 1 446,4 mill. kroner gjennom Nord-Noreg- og Namdalstilskotet til kommunane.

Tilskotet blir berekna på grunnlag av ein sats per innbyggjar, som blir differensiert mellom ulike geografiske områder. Kommunane i Namdalen får Nord-Noreg- og Namdalstilskot etter same satsen som Nordland. Dei sju kommunane i tiltakssona i Nord-Troms får tilskot etter høgare sats enn resten av kommunane i Troms.

Satsane i 2013 er prisjusterte.

Til grunn for utrekninga av Nord-Noreg- og Namdalstilskotet ligg talet på innbyggjarar per 1. januar 2012.

Nord-Noreg- og Namdalstilskot til kommunar – satsar 2013:

Kommunar i:	Kroner per innbyggjar
Nordland og Namdalen	1 550
Troms utanfor tiltakssona	2 973
Tiltakssona i Troms	3 503
Finnmark	7 259

Kap. 571, post 63 Småkommunetilskot

Småkommunetilskotet blir gitt til kommunar som har færre enn 3 200 innbyggjarar. For å få småkommunetilskot, må kommunen i tillegg ha hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet.

Kommunane i tiltakssona (alle kommunar i Finnmark og sju kommunar i Nord-Troms) får tilskot etter ein høgare sats, om dei oppfyller resten av kriteria for å få småkommunetilskot.

I 2013 blir det føreslått fordelt 929,7 mill. kroner gjennom småkommunetilskotet.

Satsen for 2013 er prisjustert. Tilskotet blir berekna med utgangspunkt i talet på innbyggjarar per 1. januar 2012.

Satsar for småkommunetilskotet 2013:

Prioriteringsområde	Beløp per kommune (1000 kroner)
Kommunar i tiltakszona (Finmark og Nord-Troms)	11 177
Andre kommunar	5 161

Kap. 571, post 64 Skjønnsstilskot

Skjønnsstilskotet blir brukt til å kompensere kommunar for spesielle, lokale høve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Samla skjønnsstilskot for kommunar og fylkeskommunar er satt til 2 684 mill. kroner i 2013. Av det blir 2 175 mill. kroner fordelte til kommunane.

Innanfor skjønnsramma er det satt av 400 mill. kroner til kommunar som tapar meir enn 100 kroner per innbyggjar på endringane i inntektssystemet. Midlane blir direkte fordelte av departementet. Kompensasjonen vil liggje fast til neste revisjon av kostnadsnøkkelen.

100 mill. kroner av skjønnsramma er fordelte til inntektssvake kommunar i Sør-Noreg. Departementet fastset fylkesrammer på grunnlag av inntektsnivået til kommunane, og her held ein kommunar som tek imot regionalpolitiske tilskot utanfor fordelinga. Fylkesmannen fordeler fylkesrammene vidare til kommunane.

Skjønnsmidlar som er fordelte før budsjettåret er vist i tabell A-k.

Innanfor skjønnsramma til kommunane held departementet igjen 125 mill. kroner til ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret. Innanfor skjønnsramme er det satt av 50 mill. kroner til psykososial oppfølging i kommunane etter terrorangrepa 22. juli. Tilskotet vil bli fordelt av fylkesmannen etter retningslinjer frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Kap. 571, post 66 Veksttilskot

Veksttilskotet er ein kompensasjon til kommunar med særleg høg befolkningsvekst. Tilskotet er grunngeve med at kommunar med høg folkevekst på kort og mellomlang sikt kan ha vanskar med å tilpasse tenestetilbodet til ei voksende befolkning, og det kan vere problematisk å finansiere dei naudsynte investeringane utan at det verkar inn på tenestetilbodet.

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som gjennom dei siste tre åra har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst ut over 175 pst. av gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på landsbasis. I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet dei siste tre åra. Tilskotet vil vere avgrensa i tid, til den perioden kommunane har størst vekst.

Veksttilskotet blir gitt som eit fast beløp per nye innbyggjar ut over vekstgrensa. For 2013 er satsen prisjustert og er 45 218 kroner. Til saman blir det føreslått løyvd 60,2 mill. kroner gjennom veksttilskotet i 2013.

Tilskotet blir vist i tabell 1-k, og grunnlaget for utrekninga er nærare dokumentert i tabell D-k.

Kap. 571, post 67 Storbytilskot

Dei største byane har særlege utfordringar knytt til urbanitet. I 2012 vart det difor innført eit eige storbytilskot som femner om dei fire største byane, Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Tilskotet blir fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Satsen per innbyggjar for 2013 er 340 kroner. Samla løyving på post 67 Storbytilskot er føreslått til om lag 401,5 mill. kroner for 2013.

Eksempel på utrekning av rammetilskot – Kva får Tynset kommune i rammetilskot?

Vi viser her utrekninga av rammetilskotet til Tynset kommune (kommunennummer 0437). Eventuelle avvik mellom tall i tabellane og utrekningane som er vist her, skyldes avrundingar.

Skatteutjamninga blir berekna fortløpande gjennom budsjettåret, og inngår derfor ikkje i dette eksempelet.

Distriktstilskot Sør-Noreg

Tilskotet går til kommunar i Sør-Noreg med over 3 200 innbyggjarar som ligg i sone IV eller sone III i det distriktpolitiske verkeområdet, som har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet, og som ikkje mottek Nord-Noreg- og Namdalstilskot eller småkommunetilskot. Satsane i 2013 er:

Sone og indeks	Sats per kommune (1000 kr)	Sats per innbyggjar (kroner)
Sone 4	3 619	850
Sone 3, indeks 0– 35	2 715	636
Sone 3, indeks 36– 38	2 172	510
Sone 3, indeks 39– 41	1 631	382
Sone 3, indeks 42– 44	1 087	256
Sone 3, indeks 45– 46	544	128

Tynset kommune hadde 5 564 innbyggjarar per 1.1.2012, ein gjennomsnittleg skatteprosent på 81,05 dei siste tre åra, ligg i sone 4 i det distriktpolitiske verkeområdet, har ein distriktsindeks på 41, og oppfyller dermed vilkåra til distriktstilskot Sør-Noreg.

Tynset kommune får distriktstilskot Sør-Noreg med ein sats på 850 kroner per innbyggjar, pluss ein sats på 3,619 mill. kroner per kommune.

Distriktstilskot Sør-Noreg for Tynset kommune = 8 348 000 kroner

Nord-Noreg og Namdalstilskot

Nord-Noreg- og Namdalstilskotet blir gjeve til kommunar i Nord-Noreg og Namdalen. Tilskotet blir berekna med ein sats per innbyggjar, og satsen blir differensiert mellom ulike geografiske

områder. Kommunar i Nordland og Namdalen får tilskot med 1 550 kroner per innbyggjar, kommunar i Troms (utanfor tiltakssona) med 2 973 kroner per innbyggjar, kommunar i tiltakssona i Troms med 3 503 kroner per innbyggjar og kommunar i Finnmark med 7 259 kroner per innbyggjar.

Tynset kommune ligg i Hedmark fylke, og oppfyller ikkje vilkåra for Nord-Noreg- og Namdalstilskot.

Nord-Noreg- og Namdalstilskot for Tynset kommune= 0 kroner

Småkommunetilskot

Småkommunetilskotet går til kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar, som har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet. Småkommunetilskotet gis med ein fast sats per kommune. Satsane for 2013 er 11,177 mill. kroner for kommunar i tiltakssona, og 5,161 mill. kroner for øvrige kommunar.

Tynset kommune har over 3 200 innbyggjarar og oppfyller ikkje vilkåra for småkommunetilskot.

Småkommunetilskot for Tynset kommune= 0 kroner

Veksttilskot

Veksttilskotet er ein kompensasjon til kommunar med særleg høg befolkningsvekst. Tilskotet går til kommunar med skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet, som dei siste tre åra har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst ut over 175 pst. av gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på landsbasis.

Veksttilskotet tildeles som eit fast beløp, 45 218 kroner, per nye innbyggjar ut over vekstgrensa (tabell D-k, kolonne 7-10). Gjennomsnittleg årleg vekst på landsbasis i perioden 2009-2012 var på 1,28 pst., og vekstgrensa blir dermed 2,24 pst.

Tynset kommune har skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet, og har i perioden 2009-2012 hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,00 pst. Tynset kommune kvalifiserer dermed ikkje til veksttilskot i 2013.

Veksttilskot for Tynset kommune= 0 kroner

Storbytilskot

Storbytilskotet er eit tilskot til dei fire største byane, Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Tilskotet blir fordelt med eit likt beløp per innbyggjar, og satsen i 2013 er på 340 kroner per innbyggjar.

Storbytilskot for Tynset kommune= 0 kroner

Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning

Alle kommunar får innbyggjartilskot, som i utgangspunktet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. I 2013 er innbyggjartilskot før utgiftsutjamning 21 786 kroner per innbyggjar.

Innbyggjartilskotet er sum løyving på post 571.60, minus saker som er gjeve ei særskilt fordeling (tabell C-k, kolonne 4), dividert på sum innbyggjarar i landet. Innbyggjartal per 1.juli 2012 (tabell F-k, kolonne 2) ligg til grunn for fordelinga av innbyggjartilskot.

Innbyggjartilskot eksklusiv utgiftsutjamning			
Innbyggjartilskot per innbyggjar	=	Løyving på post 60, minus saker med særskilt fordeling (tabell C-k)	/ Innbyggjarar i landet
	=	109 678 586 000 – 389 308 000	/ 5 016 423
	=	109 289 278 000	/ 5 016 423
Innbyggjartilskot per innbyggjar	=	21 786 kroner	
<hr/>			
Berekna innbyggjartilskot for Tynset (tabell 2-k, kolonne 1)	=	Innbyggjartilskot per innbyggjar (kr)	* Innbyggjartal i Tynset 2012
	=	21 786 kroner	* 5 580 innbyggjarar
	=	121 567 534 kroner	

Innbyggjartilskot før utgiftsutjamning for Tynset kommune= 121 567 534 kroner

Innbyggjartilskotet blir deretter korrigert for forskjellar i berekna utgiftsbehov mellom kommunane. Det samla berekna utgiftsbehovet på landsbasis er basert på kommunane sine netto driftsutgifter (minus avskrivningar) til dei tenestene som er omfatta av utgiftsutjamninga for kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga får kommunar full kompensasjon/fullt trekk for avvik frå landsgjennomsnittleg utgiftsbehov.

Utgiftsbehovet til den enkelte kommune blir rekna ut ved å multiplisere indeks for berekna utgiftsbehov med landsgjennomsnittleg utgiftsbehov. Indeksen er eit vekta gjennomsnitt av kommunen sin del av dei ulike kriteria i kostnadsnøkkelen, slik som kommunens del av innbyggjarar 6-15 år, innbyggjarar 67-79 år osv. (jf. tabell E-k). Indeksen for berekna utgiftsbehov er summen av kommunens indeksverdi på dei ulike kriteria multiplisert med dei ulike kriteria sin vekt i samla kostnadsnøkkel.

Vektinga for det enkelte kriterium i kostnadsnøkkelen seier noko om kor stor del av det berekna utgiftsbehovet som er knytt til det bestemte kriteriet. Kriteriet innbyggjarar 6-15 år har ei vekt på 0,2836. Det betyr at 28,36 pst. av samla berekna utgiftsbehov på landsbasis er knytt til dette kriteriet.

For Tynset kommune framkjem indeksen for berekna utgiftsbehov slik:

Kriterium	Indeks kriterium	* Vekt
1 Innbyggjarar 0-1 år	0,9666593	* 0,0054 = 0,0052200
2 Innbyggjarar 2-5 år	0,9646352	* 0,1245 = 0,1200971
3 Innbyggjarar 6-15 år	1,0516386	* 0,2836 = 0,2982447
4 Innbyggjarar 16-22 år	1,0595988	* 0,0205 = 0,0217218
5 Innbyggjarar 23-66 år	0,9416019	* 0,0926 = 0,0871923
6 Innbyggjarar 0-17 år	1,0260120	* 0,0021 = 0,0021546
7 Innbyggjarar 18-49 år	0,8695174	* 0,0055 = 0,0047823
8 Innbyggjarar 50-66 år	1,1308873	* 0,0068 = 0,0076900
9 Innbyggjarar 67-79 år	1,1542787	* 0,0496 = 0,0572522
10 Innbyggjarar 80-89 år	1,2988543	* 0,0706 = 0,0916991
11 Innbyggjarar 90 år og over	1,0105573	* 0,0453 = 0,0457782
12 Landbrukskriterium	4,6677200	* 0,0029 = 0,0135364
13 Reiseavstand innan sone	2,4459952	* 0,0128 = 0,0313087
14 Reiseavstand til nabokrets	1,8735700	* 0,0128 = 0,0239817
15 Basiskriterium	2,1004686	* 0,0224 = 0,0470505
16 Innvandrarar 6-15 år, ekskl. Skandinavia	1,0058747	* 0,0082 = 0,0082482
17 Norskfødde med innvandrarforeldre 6-15 år, ekskl. Skandinavia	0,4694520	* 0,0009 = 0,0004225
18 Dødelegheitskriterium	1,0743112	* 0,0438 = 0,0470548
19 Barn 0-15 år med einsleg forsørgjar	0,9423348	* 0,0110 = 0,0103657
20 Låginntektskriteriet	0,5510057	* 0,0059 = 0,0032509
21 Uføre 18-49 år	0,9864222	* 0,0045 = 0,0044389
22 Flyktingar utan integreringstilskot	0,3482172	* 0,0046 = 0,0016018
23 Opphopingsindeks	0,2416909	* 0,0135 = 0,0032628
24 Urbanitetskriteriet	0,6593613	* 0,0172 = 0,0113410
25 Psykisk utviklingshemma 16 år og over	2,1734989	* 0,0439 = 0,0954166
26 Ikkje-gifte 67 år og over	1,2391642	* 0,0416 = 0,0515492
27 Barn 1 år utan kontantstøtte	1,0552015	* 0,0291 = 0,0307064
28 Innbyggjarar med høgare utdanning	0,8610840	* 0,0184 = 0,0158439
Indeks for berekna utgiftsbehov		1,0000 1,1412126

Indeks for berekna utgiftsbehov seier oss kor tung eller lett ein kommune er å drive, samanlikna med landsgjennomsnittet. Ein kommune som ligg på landsgjennomsnittet vil ha indeksverdien 1,00. Tynset sin verdi på indeksen er 1,1412, noko som inneber at Tynset er rekna for å vere 14,12 pst. tyngre å drive enn landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamninga inneber at det blir gitt full kompensasjon for avvik frå gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov. Viss kommunen har eit høgare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (tungdrevet kommune), slik som i Tynset sitt tilfelle, blir dette justert gjennom eit tillegg i innbyggjartilskotet til kommunen. Alternativt får ein kommune med lågare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (lettdrevet kommune) eit trekk i innbyggjartilskotet.

Omfordelinga i utgiftsutjamninga for Tynset kommune blir rekna ut slik:

Utgiftsbehov per innbyggjar i Tynset kommune			
Indeks for berekna utgiftsbehov (tabell A-k, kolonne 1)	*	Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i landet (tabell A-k, kolonne 2)	= Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i Tynset kommune (tabell A-k, kolonne 3)
1,1412	*	45 452 kroner	= 51 871 kroner

Differanse frå landsgjennomsnittet		
Berekna utgiftsbehov per innbyggjar i Tynset kommune	=	51 871 kroner
- Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov pr innbyggjar	=	45 452 kroner
= Differanse per innbyggjar	=	6 418 kroner

Utgiftsutjamning for Tynset kommune		
Tillegg i innbyggjartilskotet Tynset kommune (tabell A-k, kolonne 5)	=	6 418 kroner * 5 580 innbyggjarar
	=	35 814 822 kroner

Tillegg i utgiftsutjamninga til Tynset kommune i 2013= 35 814 822 kroner

Enkelte kommunar har elevar i statlege og private grunnskular. Desse elevane har ikkje kommunane utgifter til. Det er derfor ei trekkordning for elevar i statlege og private skular i inntektssystemet. Trekkordninga fungerer slik at det blir trekt inne eit beløp frå kvar enkelte kommune for dei elevane kommunen ikkje yter grunnskuletenester til. Det totale beløpet som er trøkke inn på landsbasis blir så fordelt ut igjen til alle kommunar etter kommunane sin del av det berekna utgiftsbehovet (kostnadsnøkkelen). Korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular er derfor ei ordning som omfordelar midlar mellom kommunar. Utrekninga av ordninga er vist i tabell A-k, kolonnane 6-8.

Trekket i trekkordninga for elevar i statlege og private skular for Tynset kommune:

Kategori	Sats	Elevar i statlege og private skular i Tynset kommune	Sum trekk for Tynset kommune
Vanleg undervisning	75 000 kroner	0	0 kroner
Spesialskular	251 800 kroner	0	0 kroner
Skular med opphald	266 000 kroner	0	0 kroner
Totalt trekk for Tynset kommune – skoleåret 2012/2013		=	0 kroner

Tynset har 0 elevar i statlige og private skular, og får derfor ikkje eit trekk i trekkordninga for statlege og private skular.

Det totale trekket på landsbasis blir deretter fordelt ut igjen til kommunane etter kostnadsnøkkelen. For Tynset blir det tilbakeførte beløpet rekna ut slik:

Totalt trekk på landsbasis	*	Kommunen sin del av berekna utgiftsbehov (tabell E-k, kolonne 31)	=	Tilbakeført beløp
1 182 250 000 kroner	*	1,269424	=	1 500 777 kroner

Dette gir for Tynset kommune:

Trekk for elevar i statlege og private skuler (tabell A-k, kolonne 6)	0 kroner
+ Tilbakeført beløp etter kostnadsnøkkelen (tabell A-k, kolonne 7)	1 500 777 kroner
= Omfordeling statlige og private skoler (tabell A-k, kolonne 8)	1 500 777 kroner

Korreksjons for elevar i statlege og private skular for Tynset kommune=
1 500 777 kroner

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning og korreksjon for elevar i statlege og private skular gir følgjande oppstilling for Tynset kommune:

Innbyggjartilskot før utgiftsutjamning m.m. (tabell 2-k, kolonne 1)	121 567 534 kroner
+ Utgiftsutjamning (tabell A-k, kolonne 5)	35 814 822 kroner
+ Korreksjon for elevar i statlege og private skular (tabell A-k, kolonne 8)	1 500 577 kroner
= Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning m.m.	158 883 133 kroner

Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular for Tynset kommune = 158 883 133 kroner

Saker med særskilt fordeling

Ein del av innbyggjartilskotet blir halde utanfor fordeling etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, og blir gitt ei særskilt fordeling. Desse sakane er omtalt i tabell C-k. Saker med særskilt fordeling for Tynset kommune:

Enkelt saker	
Inndelingstilskot	0 kroner
Trekk Nannestad og Ullensaker	0 kroner
Kompensasjon samhandlingsreforma	0 kroner
Saker med særskilt fordeling	0 kroner

Saker med særskilt fordeling for Tynset kommune= **0 kroner**

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Inntektsgarantiordninga er ei ordning som skal skjerme kommunar mot plutselig sviakt i rammetilskotet frå eit år til det neste. Ordninga er utforma slik at ingen kommune skal ha ein vekst i berekna rammetilskot frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner under berekna

vekst på landsbasis, i kroner per innbyggjar. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar i alle kommunar. Endringar i skatteinntektene eller skatteutjamninga er ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga. Veksttilskot, skjønntilskot og saker med særskilt fordeling inngår heller ikkje i inntektsgarantiordninga. Utrekninga av INGAR er vist i tabell B-k. Utrekninga av inntektsgarantiordninga for Tynset kommune er vist i tabellane under.

	Korrigert rammetilskot 2012 (1000 kr) (tabell B-k, kolonne 9)	Korrigert rammetilskot 2013 (1000 kr) (tabell B-k, kolonne 14)	Absolutt korrigert vekst 2012-2013 (1000 kr) (tabell B-k, kolonne 15)	Absolutt korrigert vekst 2012-2013 (kr pr innb) (tabell B-k, kolonne 16)
Heile landet	109 253 588 000	112 440 028 000	3 186 440 000	635
Tynset	163 247 411	167 204 557	3 957 146	709
Avvik i forhold til vekst på landsbasis for Tynset kommune:				74

Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn 335 kroner per innbyggjar blir kompenserte opp til denne vekstgrensa. Tynset har ein vekst som er 74 kroner høgare enn berekna vekst på landsbasis, i kroner per innbyggjar. Tynset kommune kvalifiserar dermed ikkje til å få tilskot gjennom inntektsgarantiordninga. Alle kommunar er med på å finansiere INGAR, og får eit trekk på eit likt beløp per innbyggjar gjennom innbyggjartilskotet. For 2013 er trekket på i underkant av 62 kroner per innbyggjar.

Inntektsgarantiordning til Tynset	
INGAR per innbyggjar	0 kroner
Finansiering per innbyggjar	-62 kroner
INGAR inkl. finansiering per innbyggjar	-62 kroner
INGAR inkl. finansiering= 5 580 innbyggjarar * -62 kroner =	-343 254 kroner

Inntektsgarantiordning for Tynset kommune= -343 254 kroner

Innbyggjartilskot inkludert INGAR

Innbyggjartilskotet i alt inkluderar utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular, saker med særskilt fordeling og inntektsgarantiordninga. Innbyggjartilskotet er vist i tabell 2-k. For Tynset kommune blir innbyggjartilskotet:

Innbyggjartilskot inkl. INGAR	
Innbyggjartilskot med utgiftsutjamninga og omfordeling korreksjonsordninga	158 883 133 kroner
Inntektsgarantiordninga (tabell B-k)	-343 254 kroner
Saker med særskilt fordeling (tabell C-k)	0 kroner
Innbyggjartilskot i alt	158 539 879 kroner

Skjønntilskot

Skjønntilskotet blir brukt til å kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp av utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Kommunal- og regionaldepartementet fastset fylkesvise fordelingar, medan fylkesmannen fastset fordelinga til den enkelte kommune. Skjønntilskot fordelt av fylkesmannen er vist i tabell 1-k, kolonne 7. I 2013 har departementet

fordelt 400 mill direkte til kommunar som kompensasjon for endringane i inntektssystemet i 2011. Denne fordelinga er vist i tabell 1-k, kolonne 8.

Skjønnsstilskot til Tynset kommune	
Skjønn fordelt av fylkesmannen	1 800 000 kroner
Kompensasjon endringar i inntektssystemet 2011	0 kroner
Sum skjønnsstilskot 2013	1 800 000 kroner

Skjønnsstilskot for Tynset kommune= 1 800 000 kroner

Totalt rammetilskot

Totalt rammetilskot er summen av innbyggjartilskotet (inkludert utgiftsutjamning m.m. og inntektsgarantiordning), Nord-Noreg- og Namdalstilskotet, småkommunetilskotet, distriktstilskot Sør-Noreg, veksttilskot og skjønnsstilskot. Skatteutjamninga er ikkje berekna her.

Totalt rammetilskot for Tynset kommune, eksklusive skatteutjamning:

Tilskot	
Innbyggjartilskot	158 540 000 kroner
Distriktstilskot Sør-Noreg	8 348 000 kroner
Nord-Noreg- og Namdalstilskot	0 kroner
Småkommunetilskot	0 kroner
Veksttilskot	0 kroner
Storbytilskot	0 kroner
Skjønnsstilskot	1 800 000 kroner
Totalt rammetilskot for Tynset kommune 2013 (tabell 1-k, kolonne 9)	168 688 000 kroner

Sum rammetilskot for Tynset kommune 2013= 168 688 000 kroner

Tabellar for fylkeskommunane

Tabell 1-fk

Tabell 2-fk

Tabell 3-fk

Tabell A-fk

Tabell B-fk

Tabell C-fk

Tabell D-fk

Tabell E-fk

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2013

Fylkeskommunane sitt rammetilskot blir løyvd over kap. 572 post 60-64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 - *Sum rammetilskot 2013*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er basert på talet på innbyggjarar per 1. juli 2012. Skatteutjamninga blir føretatt fortløpande gjennom budsjettåret etter kvart som skatteinntektene er kjende. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2013 og rammetilskotet til den enkelte fylkeskommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2014, og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså først klart i februar 2014.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og inntektsgarantiordninga. For meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet, sjå tabell 2-fk.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som ein sats per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er basert på talet på innbyggjarar per 1. januar 2012. Satsane for 2013 er prisjusterte.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 082
Troms	1 231
Finmark	1 682

Kolonne 3 – Skjønnsstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser skjønnsstilskot til fylkeskommunane for 2013.

Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2013

Sum av kolonnane 1 - 3.

Tabell 1-fk: Rammetilskot til fylkeskommunane 2013

Fylke	Innbyggjar- tilskot (1 000 kr)	Nord- Noreg- tilskot (1 000 kr)	Skjønns- tilskot (1 000 kr)	Sum ramme- tilskot 2013 (1 000 kr)
	1	2	3	4
01 Østfold	1 103 246	0	8 000	1 111 246
02 Akershus	2 036 308	0	0	2 036 308
03 Oslo	1 548 770	0	0	1 548 770
04 Hedmark	1 195 000	0	17 000	1 212 000
05 Oppland	1 126 110	0	63 800	1 189 910
06 Buskerud	1 051 335	0	7 800	1 059 135
07 Vestfold	954 497	0	21 600	976 097
08 Telemark	910 360	0	14 300	924 660
09 Aust-Agder	642 103	0	8 000	650 103
10 Vest-Agder	977 597	0	9 100	986 697
11 Rogaland	2 006 416	0	15 800	2 022 216
12 Hordaland	2 759 457	0	41 100	2 800 557
14 Sogn og Fjordane	1 566 545	0	27 800	1 594 345
15 Møre og Romsdal	1 919 388	0	12 800	1 932 188
16 Sør-Trøndelag	1 438 323	0	33 000	1 471 323
17 Nord-Trøndelag	1 222 826	0	15 300	1 238 126
18 Nordland	2 631 138	257 862	48 000	2 937 000
19 Troms	1 488 357	195 298	22 600	1 706 255
20 Finnmark	738 757	124 110	43 000	905 867
<i>Fordelest gjennom året</i>			<i>100 000</i>	<i>100 000</i>
Heile landet	27 316 533	577 270	509 000	28 402 803

Tabell 2-fk

Innbyggjartilskot til fylkeskommunane (kap. 572, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gitt ei særskild fordeling er trekt ut, jf. kolonne 11 i tabell C-fk). Deretter skjer det ei omfordeling mellom fylkeskommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR). Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den enkelte fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2014. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2012. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2013.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572 post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i overkant av 27,3 mrd. kroner. Av dette blir om lag 8,2 mrd. kroner gitt med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. For 2013 er innbyggjartilskotet før omfordeling 3 810 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er nærare dokumentert i tabell A-fk.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av 10 saker med særskild fordeling i 2013. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er nærare dokumentert i tabell C-fk.

Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga

Kolonne 4 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2013, før berekning av inntektsgarantitilskotet. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2013, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansiering av ordninga. Berekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-fk.

Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga

Kolonne 6 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2013, i alt 27 317 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.

Tabell 2-flk: Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2013

Fylke	1	2	3	4	5	6
	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)
	Innbyggjar- tilskot utan utgiftsutjamm.	Utgifts- utjammning m.m.	Saker med særskild fordeling	Innbyggjar- tilskot ekskl. innt.garanti- ordning	Inntekts- garanti ordning (inkl. fin.)	Innbyggjar- tilskot inkl. innt.garanti- ordning
01 Østfold	1 067 119	-188 487	228 548	1 107 180	-3 934	1 103 246
02 Akershus	2 141 786	-488 138	390 558	2 044 205	-7 897	2 036 308
03 Oslo	2 355 535	-1 669 696	818 719	1 504 558	44 211	1 548 770
04 Hedmark	735 798	193 437	268 477	1 197 713	-2 713	1 195 000
05 Oppland	713 148	136 116	279 475	1 128 739	-2 629	1 126 110
06 Buskerud	1 016 845	-298 981	321 519	1 039 383	11 952	1 051 335
07 Vestfold	905 850	-174 445	224 561	955 966	-1 469	954 497
08 Telemark	649 321	21 108	242 325	912 754	-2 394	910 360
09 Aust-Agder	427 064	74 069	142 545	643 678	-1 575	642 103
10 Vest-Agder	667 792	86 964	225 303	980 059	-2 462	977 597
11 Rogaland	1 704 716	-167 183	475 168	2 012 701	-6 285	2 006 416
12 Hordaland	1 881 058	-58 619	943 953	2 766 392	-6 935	2 759 457
14 Sogn og Fjordane	413 172	574 581	580 314	1 568 068	-1 523	1 566 545
15 Møre og Romsdal	982 669	241 431	698 911	1 923 011	-3 623	1 919 388
16 Sør-Trøndelag	1 141 198	-75 006	376 338	1 442 530	-4 207	1 438 323
17 Nord-Trøndelag	509 891	321 659	393 156	1 224 706	-1 880	1 222 826
18 Nordland	909 736	880 635	844 121	2 634 492	-3 354	2 631 138
19 Troms	607 425	353 757	529 415	1 490 597	-2 240	1 488 357
20 Finnmark	282 837	236 798	220 165	739 800	-1 043	738 757
Heile landet	19 112 962	0	8 203 571	27 316 533	0	27 316 533

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2013. Fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2012 til 2013. Som frie inntekter reknast her inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap 2012. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren i 2012-2013 er anslått til 3,3 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget 2012 og 2013 for fylkeskommunane, og fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2011. For skatt på inntekt og formue tek ein for kvar fylkeskommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2011, framskrive med innbyggjartalet i 2012. Ut ifrå skatt 2011 framskrive med innbyggjartal 2012, blir det rekna ut kva del som kvar fylkeskommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt og formue mellom fylkeskommunane både for 2012 og 2013. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert.

I berekninga blir naturressursskatten halde konstant, dvs. på 2011-nivå (inntektsåret 2010).

Tala for rammetilskot 2012 er henta frå nivå ved revidert nasjonalbudsjett 2012. Rammetilskotet for 2013 er vist i tabell 1-fk.

Sidan ein her antar at skatteinntektene berre varierar med innbyggjartalet, vil avvik frå veksten på landsbasis berre skuldast endringar i rammetilskotet frå år til år.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2012 korrigererte for oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerka tilskot i 2013.

Veksten i frie inntekter 2012 – 2013 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2012. Ny informasjon om skatteinngangen dei siste månadene trekkjer i retning av høgare vekst i skatteinntektene til kommunesektoren i 2012 enn det som er lagt til grunn ved framlegginga av revidert nasjonalbudsjett 2012. Skatteanslaget for fylkeskommunane for 2012 er oppjustert med 470 mill. kroner samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. Fylkeskommunane får behalde dei ekstra skatteinntektene i 2012. Skatteanslaget for 2013 er 26,370 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2012 til 2013, anslag rekneskap, er nominelt 3,9 prosent. Inntektsveksten rekna frå anslag revidert nasjonalbudsjett 2012 er 4,8 prosent.

100 mill. kroner i ufordelt skjønn i 2013 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune, men i landssummen.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2012

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2012. Skatteinntektene til fylkeskommunane er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2012 som ligg i nasjonalbudsjettet

for 2013, med ein lik vekst for alle fylkeskommunane. Samanlikna med skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett 2012 medfører dette ei oppjustering på 470 mill. kroner.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2012

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigeret for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er tatt utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigerede for er nærare omtalt i tabellane B-flk og C-flk.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2013

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2013. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-flk. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til fylkeskommunane har departementet tatt utgangspunkt i fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2011. Desse er framskrive i samsvar med befolkningsutvikling og skatteanslaget for 2012 og 2013 som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2013. Skatteanslaget for den enkelte fylkeskommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigeret vekst frå 2012 til 2013

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigeret vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2012 til 2013 for den enkelte fylkeskommune (kolonne 3 – kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigeret vekst i pst. frå 2012 til 2013

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigeret vekst frå anslag rekneskap 2012 til 2013.

Tabell 3-fk: Anslag på frie inntekter 2013. Fylkeskommunane.

Fylke	Anslag på frie inntekter 2012 (1 000 kr)	Anslag på oppgave-korrigererte frie inntekter 2012 (1 000 kr)	Anslag på oppgave-korrigererte frie inntekter 2013 (1 000 kr)	Anslag på oppgave-korrigerert vekst 2012-2013 (1 000 kr)	Vekst rekneskap 2012-2013 (prosent)
	1	2	3	4	5
01 Østfold	2 442 122	2 441 526	2 543 411	101 885	4,2
02 Akershus	4 844 270	4 844 049	4 999 081	155 032	3,2
03 Oslo	4 936 308	4 940 862	5 122 299	181 436	3,7
04 Hedmark	2 113 388	2 113 365	2 198 325	84 960	4,0
05 Oppland	2 082 538	2 086 409	2 150 838	64 429	3,1
06 Buskerud	2 377 782	2 375 566	2 444 457	68 891	2,9
07 Vestfold	2 137 658	2 139 994	2 198 921	58 927	2,8
08 Telemark	1 732 031	1 731 535	1 805 109	73 574	4,2
09 Aust-Agder	1 180 121	1 180 803	1 226 247	45 444	3,8
10 Vest-Agder	1 810 964	1 810 397	1 890 314	79 917	4,4
11 Rogaland	4 254 002	4 254 434	4 379 228	124 793	2,9
12 Hordaland	5 154 298	5 146 046	5 375 832	229 785	4,5
14 Sogn og Fjordane	2 065 276	2 065 908	2 155 879	89 970	4,4
15 Møre og Romsdal	3 156 945	3 153 390	3 264 458	111 068	3,5
16 Sør-Trøndelag	2 929 763	2 929 905	3 019 068	89 162	3,0
17 Nord-Trøndelag	1 831 953	1 838 529	1 920 175	81 646	4,4
18 Nordland	3 997 708	3 992 737	4 166 256	173 520	4,3
19 Troms	2 432 786	2 434 998	2 525 906	90 908	3,7
20 Finnmark	1 237 710	1 238 145	1 287 000	48 855	3,9
<i>Fordelast gjennom året</i>			<i>100 000</i>		
Heile landet	52 717 621	52 718 600	54 772 803	2 054 203	3,9

Tabell A-fk

Utgiftsutjamning, fylkeskommunane

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den enkelte fylkeskommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2.

Berekninga av utgiftsutjamninga som blir presentert her er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2012, og er dei endelege tala for omfordeling i utgiftsutjamninga i 2013.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 16.

Kolonne 2 – Gjennomsnittlig berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2012 er på landsbasis berekna til om lag 42,1 mrd. kroner, som utgjør 8 388 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er landsgjennomsnittlig berekna utgiftsbehov (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar fylkeskommune, og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med fylkeskommunens innbyggjartal per 1. juli 2012 (tabell E-fk, kol. 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Elevantala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevantala ved statlege og private skular per 1. oktober 2011 og 1. april 2012 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Treksatsane per elev for 2012:	
Vanleg undervisning	89 000
Gartnar- og landbruksskular	109 000
Spesialskular	251 800
Opphald	266 000

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført attende til den enkelte fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.

Tabell A-fk: Utgiftsutjamning m.m. Fylkeskommunane 2013.

Fylke	1	2	3	4	5	6	7	8	9
	Indeks berekna utg.behov	Gj.snittleg berekna utgiftsbehov (kr. per innb.)	Berekna utg.behov (kr. per innb.)	Omfor- deling	Omfor- deling (1 000 kr)	Trekk statl./priv. skular (1 000 kr)	Tilbakeføring samla trekk (1 000 kr)	Nto.verknad statl./priv. skuler (1 000 kr)	Sum utg.utjamning m.m. (1 000 kr)
01 Østfold	0,9180	8 388	7 700	-687	-192 546	-59 106	63 165	4 059	-188 487
02 Akershus	0,9003	8 388	7 551	-836	-470 098	-142 368	124 328	-18 041	-488 138
03 Oslo	0,6896	8 388	5 784	-2 604	-1 609 716	-164 712	104 731	-59 981	-1 669 696
04 Hedmark	1,0986	8 388	9 215	827	159 742	-18 426	52 121	33 695	193 437
05 Oppland	1,0660	8 388	8 941	554	103 680	-16 583	49 018	32 436	136 116
06 Buskerud	0,8788	8 388	7 371	-1 017	-271 382	-85 214	57 615	-27 599	-298 981
07 Vestfold	0,9077	8 388	7 613	-774	-184 093	-43 367	53 015	9 648	-174 445
08 Telemark	1,0039	8 388	8 420	33	5 557	-26 478	42 029	15 551	21 108
09 Aust-Agder	1,0693	8 388	8 969	582	65 195	-20 571	29 445	8 874	74 069
10 Vest-Agder	1,0616	8 388	8 904	517	90 602	-49 349	45 711	-3 638	86 964
11 Rogaland	0,9679	8 388	8 118	-269	-120 496	-153 074	106 386	-46 687	-167 183
12 Hordaland	1,0050	8 388	8 429	42	20 648	-201 158	121 890	-79 267	-58 619
14 Sogn og Fjordane	1,6030	8 388	13 445	5 058	548 480	-16 603	42 705	26 102	574 581
15 Møre og Romsdal	1,1048	8 388	9 266	879	226 688	-55 256	69 999	14 744	241 431
16 Sør-Trøndelag	0,9742	8 388	8 171	-216	-64 744	-81 947	71 685	-10 262	-75 006
17 Nord-Trøndelag	1,2714	8 388	10 664	2 276	304 617	-24 757	41 798	17 042	321 659
18 Nordland	1,4124	8 388	11 847	3 459	825 899	-28 111	82 847	54 736	880 635
19 Troms	1,2432	8 388	10 427	2 040	325 173	-20 105	48 689	28 584	353 757
20 Finnmark	1,3803	8 388	11 577	3 190	236 793	-25 167	25 172	5	236 798
Heile landet	1,0000	8 388	8 388	0	0	-1 232 351	1 232 351	0	0

Tabell B-fk

Inntektsgarantiordninga. Fylkeskommunane

Inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen fylkeskommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er under 100 kroner per innbyggjar av berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar frå alle fylkeskommunane.

Inntektsgarantiordninga blir berekna på grunnlag av den totale endringa i rammetilskotet. Fylkeskommunar med låg vekst i rammetilskotet vil med INGAR få kompensasjon uavhengig av om den låga veksten skuldast innlemming av øyremerkte tilskot, systemendringar, nedgang i folketalet, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i kriteriedata eller andre tilhøve.

Endringar i skatteutjamninga som følgje av endra skatteinntekter blir ikkje kompensert gjennom inntektsgarantiordninga. Endringar i skjønntilskotet eller saker med særskild fordeling (tabell C-fk) blir heller ikkje kompensert gjennom INGAR, sidan det er tilskot som blir gitt til særskilde føremål eller er avgrensa i tid.

Inntektsgarantiordninga for 2013 blir berekna med utgangspunkt i rammetilskotet til fylkeskommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2012. Rammetilskotet for 2012 blir korrigert for skjønntilskot i 2012, saker med særskild fordeling i 2012 (saker i tabell C-fk, Grønt hefte for 2012), korreksjonar og inngåande/utgåande fordeling av tilskot som blir innlemma i/trekt ut av inntektssystemet i 2013. Rammetilskotet til fylkeskommunane i 2013 blir tilsvarende korrigert for skjønntilskot i 2013 og saker med særskild fordeling i 2013 (saker i tabell C-fk for 2013). Deretter blir korrigert vekst frå 2012 til 2013 berekna, på landsbasis og for kvar fylkeskommune. Den korrigerte veksten på landsbasis frå 2012 til 2013 er på 84 kroner per innbyggjar. Dersom ein fylkeskommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn -16 kroner per innbyggjar, får fylkeskommunen inntektsgarantitilskot tilsvarende differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på -16 kroner per innbyggjar. I tillegg må alle fylkeskommunane finansiere INGAR, gjennom eit likt trekk i innbyggjartilskotet (14 kroner per innbyggjar). INGAR blir berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2012.

Kolonne 1 – Rammetilskot 2012

Kolonne 1 viser rammetilskot til fylkeskommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2012.

Kolonne 2 – Skjønntilskot 2012

Kolonne 2 viser skjønntilskot for 2012. Skjønntilskot inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantitilskotet, og blir trekt ut av rammetilskotet for 2012 ved berekninga av INGAR.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling 2012

Kolonne 3 viser fordelinga av 10 saker med særskild fordeling i 2012. Fordelinga som går fram av kolonnen er nærare dokumentert i tabell C-k i Grønt hefte 2012.

Kolonne 4 – Summen av to endringer i 2013

Kolonne 4 viser summen av to endringer i rammetilskotet i 2013, som det blir korrigert for i berekninga av inntektsgarantitilskotet for 2013. Som følge av at elevtalet i statlege og private skular aukar, blir fylkeskommunane sitt rammetilskot redusert med 19,9 mill. kroner. I tillegg er det korrigert for 19,4 mill. kroner for ny forskrift om krav til sikring av skuleelevar i buss.

Innlemmingar/korreksjonar i 2013 (beløp i 2012-kroner)	Beløp (1000 kr)
Auka tal på elevar i statlege og private skular	-19 883
Sikring av skuleelevar i buss	19 361
Sum 2 endringar	- 522

Kolonne 5 – Korrigert rammetilskot 2012

Kolonne 5 viser korrigert rammetilskot for 2012. Kolonnen er summen av kolonnane 1 og 4, minus kolonnane 2 og 3. Kolonnen er grunnlag for berekning av absolutt korrigert vekst frå 2012 til 2013.

Kolonne 6 – Rammetilskot 2013 (før INGAR)

Kolonne 6 viser rammetilskot til fylkeskommunane i 2013, før inntektsgarantitilskotet er berekna. Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjønn.

Kolonne 7 – Skjønnsstilskot 2013

Kolonne 7 viser skjønnsstilskot for 2013 (jf. tabell 1-fk, kolonne 3). Skjønnsstilskotet inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantitilskotet, og blir trekt ut frå rammetilskotet for 2013 i berekninga av INGAR. Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjønn.

Kolonne 8 – Saker med særskild fordeling 2013

Kolonne 8 viser den samla fordelinga av 10 saker med særskild fordeling i 2013. Saker som ligg i tabell C-fk inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantitilskotet, og rammetilskotet for 2013 blir korrigert for dette. Fordelinga som går fram av kolonnen er nærare dokumentert i tabell C-k.

Kolonne 9 – Korrigert rammetilskot 2013

Kolonne 9 viser rammetilskotet til fylkeskommunane i 2013 før inntektsgarantiordninga, korrigert for skjønnsstilskot og saker med særskild fordeling i 2013. Kolonne 9 er lik kolonne 6 minus kolonnane 7 og 8.

Kolonne 10 – Absolutt korrigert vekst 2012-2013 (i 1000 kr)

Kolonne 10 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 2012 til 2013. Veksten er vist i 1000 kroner.

Kolonne 11 – Absolutt korrigert vekst 2012-2013 (kroner per innb.)

Kolonne 11 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til fylkeskommunane frå 2012 til 2013. Veksten er vist i kroner per innbyggjar, og er berekna med utgangspunkt i innbyggjartalet per 1. juli 2012. Landsgjennomsnittleg vekst er 84 kroner per innbyggjar. Dette gir ei vekstgrense for å få inntektsgarantiordninga i 2013 på -16 kroner per innbyggjar ($84 - 100 = -16$).

Kolonne 12 – Inntektsgarantiordninga før finansiering (kroner per innb.)

Kolonne 12 viser inntektsgarantiordninga for 2013 i kroner per innbyggjar, før finansiering av sjølve ordninga. Fylkeskommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn -16 kroner per innbyggjar vil bli kompenserte opp til denne vekstgrensa.

Kolonne 13 – Inntektsgarantiordninga 2013 (kroner per innb.)

Kolonne 13 viser nettoeffekten av inntektsgarantitilskotet i kroner per innbyggjar, altså INGAR inkludert finansiering. Sidan INGAR er ei omfordelingsordning, er alle fylkeskommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp per innbyggjar. I 2013 er finansieringa 14 kroner per innbyggjar.

Kolonne 14 – Inntektsgarantiordninga 2013 (1000 kr)

Kolonne 14 viser inntektsgarantiordninga i 2013 i 1000 kroner. Kolonnen kjem fram ved å multiplisere kolonne 13 med innbyggjartalet per 1. juli 2012 (sjå tabell E-fk, kolonne 2). Talet blir vidare brukt i tabell 2-fk, kolonne 5.

Tabell B-flk: Inntektsgarantitilskot til fylkeskommunane 2013.

Fylke	Ramme- tilskot etter revidert budsjett 2012 (1000 kr)	Skjønns- tilskot 2012 (1000 kr)	Saker med særskild fordeling 2012 (1000 kr)	Summen av to endringar i 2013 (1000 kr)	Korrigert ramme- tilskot 2012 (1000 kr)	Ramme- tilskot 2013 (før INGAR) (1000 kr)	Skjønns- tilskot 2013 (1000 kr)	Saker med særskild fordeling 2013 (1000 kr)
	1	2	3	4	5	6	7	8
01 Østfold	1 078 851	8 000	221 816	-27	849 008	1 115 180	8 000	228 548
02 Akershus	2 024 143	0	378 250	-53	1 645 840	2 044 205	0	390 558
03 Oslo	1 536 544	0	787 966	-44	748 534	1 504 558	0	818 719
04 Hedmark	1 174 511	17 000	259 901	-22	897 588	1 214 713	17 000	268 477
05 Oppland	1 167 793	63 800	266 655	-21	837 317	1 192 539	63 800	279 475
06 Buskerud	1 059 060	7 800	313 441	-24	737 795	1 047 183	7 800	321 519
07 Vestfold	973 695	21 600	215 028	-22	737 045	977 566	21 600	224 561
08 Telemark	893 842	14 300	235 061	-18	644 463	927 054	14 300	242 325
09 Aust-Agder	631 650	8 000	137 296	-12	486 342	651 678	8 000	142 545
10 Vest-Agder	950 767	9 100	218 652	-19	722 996	989 159	9 100	225 303
11 Rogaland	2 010 385	15 800	459 511	-45	1 535 029	2 028 501	15 800	475 168
12 Hordaland	2 702 852	41 100	921 997	-52	1 739 703	2 807 492	41 100	943 953
14 Sogn og Fjordane	1 530 641	27 800	561 125	-18	941 698	1 595 868	27 800	580 314
15 Møre og Romsdal	1 888 755	12 800	680 109	-30	1 195 816	1 935 811	12 800	698 911
16 Sør-Trøndelag	1 456 478	33 000	364 144	-30	1 059 304	1 475 530	33 000	376 338
17 Nord-Trøndelag	1 182 703	15 300	374 003	-18	793 382	1 240 006	15 300	393 156
18 Nordland	2 827 477	48 000	822 091	-35	1 957 351	2 940 354	48 000	844 121
19 Troms	1 652 565	22 600	510 269	-21	1 119 675	1 708 495	22 600	529 415
20 Finnmark	874 909	43 000	212 685	-11	619 213	906 910	43 000	220 165
Heile landet	27 617 621	409 000	7 940 000	-522	19 268 099	28 302 803	409 000	8 203 571

Tabell B-flk: Inntektsgarantitilskot til fylkeskommunane 2013.

Fylke	Korrigert ramme-tilskot 2013 (1000 kr)	Abs. korr. vekst i ramme-tilskotet 2012-2013 (1000 kr)	Abs. korr. vekst i ramme-tilskotet 2011-2012 Vekstgrense: -16 kr (kr per innb)	Inntekts- garanti- ordning 2013 (ekskl. fin.) (kr per innb)	Inntekts- garanti- ordning 2013 (inkl. fin.) (kr per innb)	Inntekts- garanti- ordning 2013 (inkl. fin.) (1000 kr)
		10	11	12	13	14
01 Østfold	878 632	29 624	106	0	-14,0	-3 934
02 Akershus	1 653 647	7 807	14	0	-14,0	-7 897
03 Oslo	685 839	-62 695	-101	86	71,5	44 211
04 Hedmark	929 236	31 648	164	0	-14,0	-2 713
05 Oppland	849 264	11 946	64	0	-14,0	-2 629
06 Buskerud	717 864	-19 931	-75	59	44,8	11 952
07 Vestfold	731 405	-5 639	-24	8	-6,2	-1 469
08 Telemark	670 429	25 966	152	0	-14,0	-2 394
09 Aust-Agder	501 133	14 792	132	0	-14,0	-1 575
10 Vest-Agder	754 756	31 761	181	0	-14,0	-2 462
11 Rogaland	1 537 533	2 504	6	0	-14,0	-6 285
12 Hordaland	1 822 439	82 736	168	0	-14,0	-6 935
14 Sogn og Fjordane	987 754	46 056	425	0	-14,0	-1 523
15 Møre og Romsdal	1 224 100	28 283	110	0	-14,0	-3 623
16 Sør-Trøndelag	1 066 192	6 888	23	0	-14,0	-4 207
17 Nord-Trøndelag	831 550	38 168	285	0	-14,0	-1 880
18 Nordland	2 048 233	90 882	381	0	-14,0	-3 354
19 Troms	1 156 480	36 805	231	0	-14,0	-2 240
20 Finnmark	643 745	24 532	330	0	-14,0	-1 043
Heile landet	19 690 232	422 133	84	14	0	0

Tabell C-fk

Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane

Følgjande enkeltsaker ligg i tabell C i 2013:

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1 000 kr
<i>Forvaltningsreforma samferdselsområdet</i>			
1	Drift og vedlikehald	SD	2 787 186
2	Investeringar	SD	1 787 981
3	Styrking frie inntekter	SD	1 096 436
4	Nye fylkesvegferjer	SD	1 469 882
5	Kompensasjon NOx-avgift nye fylkesvegferjer	SD	27 926
<i>Andre saker med særskild fordeling</i>			
6	Kompensasjon NOx-avgift "gamle" fylkesvegferjer	SD	25 329
7	Ferjesambandet Svolve-Skrova	SD	17 579
8	Skule- og studentrabatt	SD	122 801
9	Fagskular	KD	384 491
10	Tilskot til barnevern, Oslo	BLD	483 960
11	Sum		8 203 571

Tabellforklaring

Forvaltningsreforma

Forvaltningsreforma blei sett i verk frå 1. januar 2010. Ei nærare omtale av det økonomiske opplegget for forvaltningsreforma er gitt i Prop. 1 (2009–2010) for Samferdselsdepartementet og i Prop. 1 (2009–2010) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 1– Forvaltningsreforma: Drift og vedlikehald

Det er samla lagt inn 2,8 mrd. kroner til drift og vedlikehald av vegane som blei overført i samband med forvaltningsreforma. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 2 – Forvaltningsreforma: Investeringar

Det er samla lagt inn 1,8 mrd. kroner til investeringar på vegnettet som blei overført i samband med forvaltningsreforma. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 3 – Forvaltningsreforma: Vidareføring frie inntekter

Dei frie inntektene til fylkeskommunane blei styrka med 1 mrd. kroner (i 2010-kroner) i samband med forvaltningsreforma, og vidareført i 2011 og 2012. Midlane er fordelt som i 2012 og prisjustert.

Kolonne 4 – Forvaltningsreforma: Nye fylkesvegferjer

Det er samla lagt inn 1,5 mrd. kroner nye fylkesvegferjer i samband med forvaltningsreforma. Midlane er fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 5 – Forvaltningsreforma: NOx nye fylkesvegferjer

Fylkeskommunane blir kompensert for meirutgifter for avgift på utslepp av NOx frå lokale båtruter og fylkesvegferjer. Midlane er fordelt som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 6 – Avgift på utslepp av NOx ”gamle” fylkesvegferjer

Fylkeskommunane blir kompensert for meirutgifter for avgift på utslepp av NOx frå lokale båtruter og fylkesvegferjer. Midlane er fordelt som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 7 – Ferjesambandet Svolve-Skrova

Ferjesambandet Svolve-Skrova blei nedklassifisert til fylkeskommunalt samband i 2009. Midlane er fordelt som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 8 – Skule- og studentrabatt

I budsjettet for 2003 blei midlar til skule- og studentrabatt teke ut av overgangsordninga i inntektssystemet og lagt inn i tabell C-fk med ei særskild fordeling. Midlane til studentrabatt blir fordelt mellom fylkeskommunane som i 2012, og prisjustert.

Kolonne 9 – Fagskular

I samband med forvaltningsreforma blei drifts- og finansieringsansvaret for fagskulane overført frå Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunane i 2010, og tilskotet blei innlemma i inntektssystemet. For 2010, 2011 og 2012 blei det gjort ei særskild fordeling av tilskotet utanfor utgiftsutjamninga på bakgrunn av talet på registrerte studentar. Det er i statsbudsjettet for 2013 gjort framlegg om at tilskotet òg i 2013 blir fordelt særskild basert på rapporterte studenttal.

Kolonne 10 – Barnevernstilskot Oslo

Den delen av det tidlegare hovudstadstilskotet på kap. 572, post 65 som er grunngjeve i Oslo sitt ansvar for den delen av barnevernet som blei gjort statleg i 2004, er flytta til post 60 Innbyggjartilskot og gjeve ei særskild fordeling. Løyvinga er føreslått auka med 1,5 mill. kroner i 2013. Dette skuldast andreårsverknaden av endringar i barnevernlova om midlertidig plassering i institusjon av barn som er utsette for menneskehandel. Endringane trødde i kraft 1. juli 2012 (jf. Prop. 43 L (2011–2012) Endringer i barnevernloven).

Kolonne 11 – Sum saker med særskild fordeling

Sum av kolonne 1–10. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.

Tabell C-flk: Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane 2013.

Fylke	Forvaltningsreforma samferdselsområdet							
	1	2	3	4	5	6	7	8
Drift og vedlikehold (1 000 kr)	Investeringar (1 000 kr)	Styrking frie inntekter (1 000 kr)	Nye fylkesvegferjer (1 000 kr)	Kompensasjon NOx-avgift nye fylkesvegferjer (1 000 kr)	Kompensasjon NOx-avgift eksisterande fylkesvegferjer (1 000 kr)	Ferje-sambandet Svølvær-Skrova (1 000 kr)	Skule- og student-rabatt (1 000 kr)	
01 Østfold	128 052	42 660	41 665	0	0	0	1 327	
02 Akershus	178 683	120 171	72 365	0	0	106	17 011	
03 Oslo	39 025	157 085	55 918	0	0	0	52 559	
04 Hedmark	140 445	76 964	49 339	0	0	0	961	
05 Oppland	121 856	68 587	44 954	0	0	0	855	
06 Buskerud	121 856	123 313	52 629	7 237	0	0	2 074	
07 Vestfold	116 692	50 821	33 990	7 237	0	0	701	
08 Telemark	120 823	64 285	41 665	0	0	258	274	
09 Aust-Agder	76 417	35 548	23 026	0	0	0	495	
10 Vest-Agder	105 333	47 790	32 893	18 968	0	0	2 525	
11 Rogaland	134 248	113 455	73 461	110 652	3 759	1 235	2 805	
12 Hordaland	276 786	159 068	97 582	319 639	6 059	1 498	19 097	
14 Sogn og Fjordane	148 704	179 676	116 222	119 377	1 901	1 886	435	
15 Møre og Romsdal	225 154	114 167	74 558	239 872	5 512	755	2 357	
16 Sør-Trøndelag	159 062	94 168	61 400	23 749	233	4 416	13 126	
17 Nord-Trøndelag	154 932	70 309	46 050	94 198	1 070	1 146	1 105	
18 Nordland	237 545	153 300	100 872	309 147	6 274	9 439	341	
19 Troms	182 815	72 213	49 339	194 759	2 836	4 073	4 692	
20 Finnmark	118 758	44 401	28 508	25 047	282	517	61	
Heile landet	2 787 186	1 787 981	1 096 436	1 469 882	27 926	25 329	122 801	

Tabell C-flk: Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane 2013.

Fylke	Fagskular	Tilskot til barnevern Oslo	Sum saker med særskild fordeling
	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)
	9	10	11
01 Østfold	14 844	0	228 548
02 Akershus	2 222	0	390 558
03 Oslo	30 172	483 960	818 719
04 Hedmark	768	0	268 477
05 Oppland	43 223	0	279 475
06 Buskerud	14 410	0	321 519
07 Vestfold	15 120	0	224 561
08 Telemark	15 020	0	242 325
09 Aust-Agder	7 059	0	142 545
10 Vest-Agder	17 794	0	225 303
11 Rogaland	35 553	0	475 168
12 Hordaland	64 224	0	943 953
14 Sogn og Fjordane	12 113	0	580 314
15 Møre og Romsdal	36 536	0	698 911
16 Sør-Trøndelag	20 184	0	376 338
17 Nord-Trøndelag	24 346	0	393 156
18 Nordland	9 624	0	844 121
19 Troms	18 688	0	529 415
20 Finnmark	2 591	0	220 165
Heile landet	384 491	483 960	8 203 571

Tabell D-fk

Indeks for berekna utgiftsbehov. Fylkeskommunane

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 16) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den enkelte fylkeskommune sin del av landssummen for det enkelte kriterium. Så blir den enkelte fylkeskommune sin del av landets innbyggjartal berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet).

Deretter blir indeks for det enkelte kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunens del av kriterium}_k}{\text{Fylkeskommunens del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 0–15 år har like stor del av 0–15-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for same kriteriet har 10 prosent større del 0–15-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for same kriteriet har 10 prosent lågare del 0–15-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{14} V_k * I_{ki}$$

V_k er kriterievekt for kriterium k, I_{ki} er indeks for kriterium k for fylkeskommune i.

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunar

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 0–15 år	0,064
Innbyggjarar 16–18 år	0,526
Innbyggjarar 19–34 år	0,027
Innbyggjarar 35–66 år	0,035
Innbyggjarar 67–74 år	0,008
Innbyggjarar 75 år og over	0,009
Rutenett til sjøs	0,032
Innbyggjarar busett spreidd	0,022
Areal	0,007
Storbyfaktor	0,016
Befolkning på øyar	0,009
Vedlikehaldskostnader veg	0,064
Reinvesteringskostnader veg	0,032
